

## Årsmelding for 2019 – Volda bedehus

Årsmøtet i 2019 vart halde 3. mars, i etterkant av sundagssamlinga den dagen. 27 personar skreiv seg i møteboka og tok del på årsmøtet. Maisa Lillebø vart vald til møteleiar.

Maisa Lillebø og Egil Straume blei valde til to nye år i styret. Synnøve Bolstad, Ivar Klundbystuen, Per Ove Aarseth stod ikkje på val. Til varamedlemer vart desse valde: 1. Ingvild Redse, 2. Audun Risahagen og 3. Anders Egil Straume.

Per Ytrestøl sa ja til å halde fram som revisor.

### Arbeidet i styret

Då styret møtttest rett etter årsmøtet, vart Maisa Lillebø attvald som formann, Per Ove Aarseth som sekretær og Synnøve Bolstad som rekneskapsfører. Maisa Lillebø sa også ja til å halde fram i arbeidet med å leige ut bedehuset, og som ansvarleg for bedehuset si heimeside. – I 2019 vart det halde fem styremøte, og i alt var 47 saker oppe til drøfting.

### Tilrettelegging

Det stod ingen større prosjekt på agendaen dette året, men styret – saman med mange medarbeidarar – fekk vere med å leggje til rette for verksemda på huset. Formannen har teke grep for å få vaskelista til å fungere, slik at det kan vere reint og ryddig både nede og oppe. Stolar som ikkje kom til nytte, blei skrota. Etter påske – 25. april – var det dugnadsdag. Då var det mange i aksjon med vasking inne og ute, med «dampstøvsuging» av stolar – og ei rekkje andre oppgåver.

Bedehusstyret hadde også dette året ansvar for 17. maifest og for lutefiskfest. 17. mai var Kåre Johan Lid talar, Jørund Knardal song og Anders Egil Straume var festleiar. På lutefiskfesten tala Jan Erik Lehre,, mannsgruppa Kraft song og Maisa Lillebø leia. Det var god oppslutning og rikt innhald på begge festane.

### Verksemd og økonomi

Den leigetakaren som hadde mest verksemd på bedehuset dette året, var Ørsta/Volda Misjonsforsamling. Men både Volda indremisjon og andre hadde også ein god del møte. For styret er det ei glede at huset kan vere ein samlingsstad der Guds ord får lyde. At her også er samlingar for born, er ekstra gledeleg – og like eins bønemøta kvar måndag.

Utanom 17.-maifesten og lutefiskfesten har eit brev til bedehusvener – med spørsmål om støtte til bedehuset – vore med og hjelp huset økonomisk. Og alle leigetakarar har betalt for seg. Ved utgangen av 2019 hadde bedehuset om lag 160 000 kroner på bok.

### Takk

Bedehusstyret kjenner trong til å takke alle som brukar bedehuset og som på ulike vis er med og tek ansvar. Ei særleg takk til alle som gjer dugnad, vaskar eller tek del på andre måtar. At mange ber for bedehuset og for arbeidet på huset, er også av avgjerande verdi.

For bedehusstyret, Per Ove Aarseth